

---

Saksnr:	2021/6327-25
Saksbehandler	Lasse Kolbjørn Anke Hansen
Dato:	21.05.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for næring

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Løypemelding frå prosjektet "Grøn region Vestland"

Hovudutval for næring løyva 1,4 millionar kroner til prosjektet «Grøn region Vestland» i PS 10/2021. Prosjektleiinga gir her ei løypemelding for prosjektet.

### Status

- Det er etablert ei overordna prosjektgruppe med representantar frå Vestland fylkeskommune og Innovasjon Noreg. I tillegg deltek representantar for Mohnsenteret ved Høgskulen på Vestlandet som observatørar og rådgjevarar.
- Det er etablert regionale prosjektgrupper i samråd med kommunar, regionråd og liknande i prosjektregionane *Nordfjord, Sunnfjord og HAFS, Sogn, Voss og Hardanger og Bergensregionen inkl. Nordhordland*. I prosjektregion *Sunnhordland* er prosjektleiinga i dialog med Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Atheno og Stord Næringsråd. Det vil også vere eigne referansegruppe i kvar region.
- Det er etablert ei overordna referansegruppe med representantar frå dei større klyngeorganisasjonane, akademia og andre interessentar.
- Det er etablert ei ordning for prosesshjelp og støtte til tidlegfaseinitiativ som ikkje er mogne for eksisterande støtteordningar, og som har potensiale til å kunne inn i Grøn region Vestland.
- Prosjektleiinga har gjennomført ein anbodskonkurranse kor EY blei valt som ekstern konsulent for gjennomføringa av aktivitetane i prosjektet.

### Om prosjektet

Vestlandsscenarioa 2020 blei utarbeidd hausten 2020 som ein del av det førebuande arbeidet til Regional plan for innovasjon næringsutvikling. Scenarioa peika på 11 nye verdikjeder og 24 forretningsområde kor Vestland kan ta ei leiande rolle og auke konkurransekrafta. Gjennomføring av prosjektet Grøn region Vestland er neste fase i arbeidet med å avdekke verdikjeder og forretningsområde, som skal liggje til grunn for den regionale partnerskapen si prioritering av verkemidlar. Prosjektet skal munne ut i ein Vestlandsportefølje og resultatata skal leggjast til grunn for arbeidet med å utforme Berekraftig verdiskaping - Handlingsprogram 2022-2025.

### Målsetnad

Dei regionale prosessane skal gi regionane innsikt i potensialet og barrierane for grøn omstilling i sin region. Det overordna prosjektet skal gi den regionale partnerskapen oversikt over verdikjedar og innovasjonsprosjekt med høgt potensiale for verdiskaping og grøn omstilling i fylket, samt gi forslag til korleis vi bør jobbe for å realisere desse.

Prosjektet skal produsere rapportar frå kvar regionale prosess, samt ein sluttrapport for prosjektet som heilskap.

**Organisering av arbeidet**

Prosjekteigar:	Innovasjon Norge og Vestland fylkeskommune
Prosjektansvarleg:	Kathrin Jakobsen, VLFK-INN
Prosjektleiing:	Lasse Kolbjørn Anke Hansen, VLFK-INN
Arbeidsgruppe:	Deltakarar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling, Innovasjon Norge og EY. Høgskulen på Vestlandet skal delta i prosjektgruppa som del av forskingsprosjektet UniS4Vest som skal sjå på universitet og høgskular sine roller i berekraftige Smart Spesialisering-prosessar.
Styringsgruppe:	Næringsforum Vestland (supplert med Næringsalliansen Vestland)
Regionale prosjekt:	Leiinga av desse prosjekt skal avklarast i dialog med kommunar og regionråd

Grøn region Vestland har to arbeidsstraumar:

1. Regionale prosessar
  - Vestland vert delt inn i fire regionar i prosjektet, basert på dialog med kommunar og regionråd:
    - Nordfjord, Sunnfjord og HAFS
    - Sogn, Hardanger og Voss
    - Bergensregionen inkl. Nordhordland
    - Sunnhordland
  - Dei regionale prosessane byggjer på funna i scenarioanalysen, og omfattar djupare analysar og konsulteringsprosessar for å kartleggje konkurransefortrinna og barrierane for grøn omstilling og grøn næringsutvikling i kvar region.
  - Nærare presisering av innhaldet i dei regionale prosessane skal gjerast i dialog med nøkkelinteressentar i regionen.
2. Tematiske prosessar
  - Prosjektet skal òg gje støtte opp under tematiske initiativ og prosjekt i ein tidleg fase som eksterne aktørar arbeider med. Målet er å støtte tidlegfaseinitiativ som ikkje er mogne for eksisterande støtteordningar, og som har potensiale til å kunne bidra til dei overordna målsetnadene i høyringsutkastet til Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Dette arbeidet vert so langt det er mogleg samordna med dei regionale prosessane.
  - Målgruppene for ordninga er FoU-miljø, samanslutningar av verksemder (næringsklynger, næringshagar, inkubatorar, næringslag o.l.), organisasjonar og andre kompetansemiljø i Vestland.
  - Prosjektgruppa skal ikkje ta eigne initiativ til tematiske prosessar, men leggje til rette for å identifisere moglegheiter og initiativ innanfor dei ulike verdikjedane og forretningsområda.

**Sluttrapportar**

Basert på dei regionale og tematiske prosessane og, eventuelt andre aktivitetar i prosjektet, skal det lagast ein sluttrapport som oppsummerer resultatane.

- Det skal lagast ein rapport for kvar region som gjer greie for kva konkurransefortrinn og barrierar for grøn omstilling som er identifiserte, kva forretningsmoglegheiter dette utgjer for næringslivet i regionen og kva type samarbeid som bør etablerast eller forsterkast i regionen.
- Det skal lagast ein rapport for prosjektet som heilskap som minimum skal innehalde:
  - Tilrådingar for korleis ein kan byggje verdikjeder som går på tvers av regionane basert på funna i dei regionvise rapportane
  - Tilrådingar for korleis det offentlege og private bedrifter kan gå saman i nye konstellasjonar og partnerskap for å realisere moglegheiter og fersere barrierar
  - Ein første versjon av ein vestlandsporfølje av verdikjeder og forretningsområde med størst potensiale og som er mest realistisk å gjennomføre
  - Identifisere eitt eller fleire forskings- og/eller innovasjonsprosjekt med betydeleg marknadspotensiale, som kan vere relevant å søkje om innovasjonsstøtte for frå nasjonale og internasjonale støtteordningar , t.d. Horisont Europa.
  - Ei drøfting av erfaringar med arbeidsmåtar og prosessar som har vore nytta i Grøn region Vestland. Dette vil vere viktige innspel for det kontinuerlege arbeidet med innovasjon og næringsutvikling bygd på metodikken for Smart Spesialisering og entreprenørielle oppdagingar.

***Finansiering og tidsplan***

For å sikre høg fagleg kvalitet og tilstrekkeleg gjennomføringskraft skal prosjektet nytte ekstern prosessbistand, både i det overordna prosjektet og dei regionale prosessane. Prosessbistanden har ei øvre økonomisk ramme på inntil 3 millionar kroner. 1,4 millionar er løyvd frå Hovudutval for næring i Vestland fylkeskommune, medan det resterande vil vere medfinansiering frå regionane og eventuelle andre partnarar. Eigeninnsats frå partnarskapen og regionale deltakarar er ikkje medrekna og må dekkjast av kvar enkelt.

Etter ein anbodskonkurranse vart EY valt som leverandør av eksterne konsulenttenester.

Sluttrapporten skal leverast 1. oktober 2021.